

Driftsopplegg for å redusere fosforavrenning til Vatsvassdraget

Føremål

Føremålet med avtalen er å redusere fosforavrenning til Vatsvassdraget frå jordbruket og få til meir optimal utnytting av husdyrgjødsel i vekstsesongen.

Aktuelle tiltak

I avtalen punkt A, vert det skissert aktuelle tiltak for å redusere avrenninga. Alle tiltak som er aktuelle på ditt bruk skal vere vist på miljøplankartet og vere forankra i miljøplan, trinn 2. Dette skal vere utarbeidd i samarbeid med prosjektleiaren for "Aksjon Vatsvassdraget".

Punkt B gjeld gjødselhandtering. Ein viktig del av avtalen vil vere at føretaket gjødslar etter næringsbehovet i plantene, og ut frå mengde fosfor i husdyrgjødsla. Dette krev kontroll av fosformengde i mineralgjødsla og i husdyrgjødsla. I tillegg må ikkje drifta vere i strid med gjeldande reglar for tiltak for å hindre fosforavrenning.

Avtale gir rett til å søkje tilskot gjennom Regionalt miljøprogram

Signert avtale med vedlegg (miljøplankart, miljøplan trinn 2, gjødslingsplan) gjev rett til å søkje om tilskot gjennom RMP, med søknadsfrist 1. oktober. Tilskotet er sett til kr 60 pr. dekar for fulldyrka areal og kr 40 pr. dekar for innmarksbeite. I tillegg kr. 1000,- pr år for dekking av utgifter til prøvetaking og analyse av gjødsla. Satsane gjeld for heile avtaleperioden.

Avtalen gjeld kun for eigd og leigd areal innafor nedslagsfeltet til Vatsvassdraget uavhengig av om føretaket har driftssenter innanfor eller utafor nedslagsfeltet.

A. Aktuelle tiltak	Aktuelt	Ikkje aktuelt	Søker RMP/SMIL
For alle bruk			
Det skal vere ei ugjødsla randsone med fleirårige grasvekstar på dyrka mark. Ved sidan av 2 meter obligatorisk randsone skal det langs alle vassvegar i tillegg vere 5 m for gras og 10 m for potet og grønsaker. Areal dette gjeld skal gå fram av miljøplankartet.			
Det skal ikkje pløyast om hausten. Unnataket er dersom det vert etablert nytt plantedekke i same vekstsesong, seinast 1. september.			
For bruk som har potet- eller grønsaksareal:			
Det skal dyrkast fleirårig gras på flaumutsette areal. Areal dette gjeld skal gå fram av miljøplankartet.			
I forseinkingar med erosjonsrisiko, jf. jordsmonnkart, skal det vere etablert grasdekke. Areal dette gjeld, skal gå fram av miljøplankartet.			
På grønsak- og potetareal kor fleirårig gras ikkje er aktuelt, skal fangvekst etablerast innan 15. september (der kor det er mogleg). Tiltak må vere spesifisert i miljøplan trinn 2.			
Andre godkjende tiltak (eks. fangdammar, vollar mm). Tiltak skal vere omtalt i miljøplan trinn 2 og vere merka av på miljøplankartet.			

B. Gjødelspreiing

- Ved gjødsling på jord med P-AL >7 skal det gjødslast ut frå følgjande norm:

Kultur	Vekstanes P-behov v/P-AL > 7
Gras	3,0 kg. P/daa
Beite	2,0 kg. P/daa
Korn u/halmfjerning	1,4 kg. P/daa
Korn m/halmfjerning	2,0 kg. P/daa
Potet*	3,5 kg. P/daa
Kål	2,1 kg. P/daa
Gulrot	3,5 kg. P/daa

- Mengde gjødsel på ulike skifte skal tilpassast innhald av fosfor i gjødsla. Det skal kvar vår og før vekstsesongen startar, takast gjødselprøve og måle tørrstoffinnhald. Tørrstoffinnhaldet bør òg målast ved kvar gjødelspreiing. Minstekrav til antal daa pr. GDE som går fram av forskrift om organisk gjødselvarer § 24 gjeld uavhengig av gjødsla sitt næringsinnhald.
- Mengde gjødsel for kvart skifte skal gå fram av gjødselplan. Denne kan utarbeidast i samråd med Landbruksrådgevinga.
- Ved P-AL>10 kan ikkje slam og kjøttbeinmjøl nyttast.
- Ved P-AL>10 kan ikkje mineralgjødsel med fosfor nyttast for gras eller beite .
- Ved P-AL<10 kan det gjødslas etter norm og fortrinnsvis dekkja fosforbehovet med husdyrgjødsel.
- På beite der det ikkje nyttast husdyrgjødsel kan mineralgjødsel nyttast etter gjødslingsplan.
- Gjødsellageret skal vere tømt innan 1. august, restgjødsla kan spreiest fram til 1. september såframt ein held seg innanfor avtalte årlege mengder fosfor. 1. september er endeleg frist uavhengig av gjødselspreiingsmetode.

C. Vilkår

- Bruket skal ha miljøplan, trinn 1 og 2. Miljøplan trinn 2 inkl. miljøplankart skal vere utarbeidd for alt areal avtalen gjeld for (*vedlegg til avtalen*).
- Det skal førast gjødslingsjournal for heile bruket (*vedlegg til avtalen*).
- Jordprøveanalyse skal ikkje vere eldre enn 5 år.
- Jordprøveanalysar og jordprøvetakingsstad for alt areal som omfattast av avtalen skal gjerast tilgjengeleg for forvaltninga anten direkte eller via dei som sitt på jordanalysetala.

D. Avtaletid og endring av avtalen

- Avtalen gjeld frå 01.03.2012- 31.12.2014.

Partane kan krevje revisjon dersom:

- Det vert gjort vesentlege endringar i drifta på eigedomen.
- Det skjer vesentlege endringar i løyvingane over statsbudsjettet til Regionalt miljøprogram og/eller vesentlege endringar i forskrift om organisk gjødselvarer.

Erklæring frå søkjar:

Eg er kjend med og aksepterer dei vilkår og tiltak som kjem fram av avtalen.

Stad: _____ Dato: _____ Underskrift: _____

Gnr/Bnr: _____ Kommunenummer: _____

Erklæring frå kommunen:

Kommunen stadfestar at tiltaka i denne avtalen er i tråd med miljøplan, trinn 2. Avtalen gir rett til tilskot gjennom Regionalt miljøprogram.

Stad: _____ Dato: _____ Underskrift: _____